

05.01.2018

Ikkje stikk hol i høypallane.



Magne Huglen syner til mange hol i siloballane på Dønhaug. Her er forballane tetta med tape.

Frå tid til anna er det eit problem med at det vert skore hol i siloballane. Dette gjeld særleg der foret er lagra langs stiar og turveggar. Magne Huglen syner til hol i forballane som ligg langs turvegen på Dønhaug.

Hol i høypallane gjer at det kjem oksygen til og foret vert fort redusert i kvaliteten. Truleg er det born som i leik gjer dette. Det er ikkje nokon bevisst tanke bak, berre at ei går og pirkar med ein pinne eller ein skarp gjenstand, så er plasten riven og det kjem luft til.

Huglen bed vaksne vera merksame på problemet. Det kan vera nok at borna vert fortalde at hol i siloballane fører til dårleg mat for dyra. I verste fall kan ikkje foret brukast.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal